



Alver kommune, Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 892d12d2-ce4e-45d6-955d-
c17eeb7c3062

Vår: 22/906 - 22/15458

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

23.02.2022


Uttale søknad om dispensasjon frå arealføremål til uttale - gbnr 172/211 Hopland

Tiltak: Parkeringsplass
Byggjestad: Gbnr: 172/211
Tiltakshavar: Bente og Terje Seim
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Saka gjeld søknad om dispensasjon og løyve til opparbeiding av parkeringsplass på eigedomen gbnr 172/211 til bruk for heimelshavar Bente og Terje Seim. Eigedomen har eit areal på ca 800 m² og skal opparbeidast slik det går fram av situasjonsplan datert 19.01.2022.

Dokumentasjon på varsling av revidert søknad og dispensasjon vert ettersend.

Situasjonsplan og plankart



Planstatus

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Nilshøyen, planid 1263- 201101, er avsett til føremål barnehage, BH. Det går fram av føresegnene til planen, § 3.2.1, at:

Området skal nyttast til føremål barnehage. Maksimal % BYA er sett til 40 % og maksimal mønehøgde er sett til 9 meter. Det kan byggjast inntil 20 parkeringsplassar på området. Parkeringsplassane kan vere overdekt.

Arealet som er avsett til føremål barnehage er tenkt sett i samanheng med tilgrensande barnehage som ligg innanfor reguleringsplanen for Seim barnehage, planid 1263-200812.

Uttale:

Samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning viser til føresegnad om uttale vedkomande søknad om dispensasjon frå arealføremål – gbnr 172/211 Hopland.

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har ingen innvendinger om at det vert gitt mellombels dispensasjon frå arealføremål i reguleringsplan Nilshøyen (planid 1263- 201101) for etablering av parkeringsplass til privat bruk for eigar av tomt.

Tilkomstveg til parkeringsplass må etablerast via f_KV3 slik at ein unngår å krysse regulert fortau. Tilkomstvegen må etablerast ihht krav gitt i gjeldande vegnormaler.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune, Plan og byggesak Postboks 4 5906 FREKHAUG